

# Møteinkalling

---

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

**Møtested:** Møterom, Norsk Fjellmuseum, Lom

**Dato:** 12.10.2015

**Tidspunkt:** 14:00

---

Viser til førebels innkalling til nasjonalparkstyret ved e-post 5. oktober 2015.  
Jørand Ødegård Lunde, Vidar Eltun og Frida Melvær har varsle forfall, og  
vararepresentantar er innkalla. Også Aleksander Øren Heen har meldt forfall.

Eventuelle forfall ut over desse må meldast snarast på tlf. 94880564 eller 94789126.

Vararepresentantane Tor Jevnheim og Aud Irene Hamre Rogn er innkalla til møtet.

Også dei andre vararepresentantane er velkomne som observatørar på møtet og til  
avslutningsmiddag på Fossheim Turisthotell etter møtet, der det er bestilt **Rypemeny**

Ber om snarleg tilbakemelding for stadfesting av tal middagsgjester til hotellet.  
Møtet er planlagt avslutta til kl. 16, for at det skal vera god tid for retur over fjellet.

Vel møtt!

Med helsing

Kari Sveen  
Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen

## Saksliste

<b>Utvalgs-saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv-saksnr</b>
ST 53/2015	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 54/2015	Referatsaker		
RS	Rapport - Besseggeløpet 2015	2013/5721	
RS	Implementering av nasjonal merkevarestrategi for Norges nasjonalparker	2015/4509	
RS	Reviderte vedtekter og stillingsbeskrivelse - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	2014/8677	
ST 55/2015	Delegerete vedtak	2003/4333	
4/2015	Delegete vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Transport av gass med helikopter til Gravdalen - Årdal Turlag	2015/5210	
ST 56/2015	Jotunheimen NP - Spørsmål om merking over Knutshø - Norsk Luftambulanse / DNT, Valdres Destinasjon m.fl.	2015/4685	
ST 57/2015	Utladalen landskapsvernområde - Helikopterlandig ved turisthytte	2015/6131	
ST 58/2015	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Registrering av nasjonalparkstyret som juridisk eining	2015/6113	
ST 59/2015	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Medlemmer til Fagleg rådgivende utvalg 2016-2019	2015/6152	
ST 60/2015	Revisjon av forvaltningsplan - Diskusjonssak i Nasjonalparkstyret	2015/1662	
ST 61/2015	Eventuelt		

## **ST 54/2015 Referatsaker**

<b>Rapport - Besseggløpet 2015</b>	<b>2013/5721</b>
<b>Implementering av nasjonal merkevarestrategi for Norges nasjonalparker</b>	<b>2015/4509</b>
<b>Reviderte vedtekter og stillingsbeskrivelse - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen</b>	<b>2014/8677</b>

## **ST 55/2015 Delegerete vedtak**

**4/2015 Delegeret vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde -  
Transport av gass med helikopter til Gravdalen - Årdal Turlag**

**2015/5210**

Arkivsaksnr: 2015/4685-8

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 03.10.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	56/2015	12.10.2015

**Jotunheimen NP - Spørsmål om merking over Knutshø - Norsk  
Luftambulanse / DNT, Valdres Destinasjon m.fl.****Forvaltar si innstilling**

1. Sikringstiltak:  
Nasjonalparkstyret ser alvorleg på bekymringsmeldinga frå Norsk Luftambulanse når det gjeld utsett strekning vest for toppen av Knutshø, og vil forsterke tiltak som alt er utført her. Gjennom bestillingsdialogen 2016 ber Nasjonalparkstyret SNO om å utføre tilleggsmerking med raud farge på ei kort strekning vest for høgste toppen, for å understreke faren ved å ta av frå den faste stigen som allereie er varda på den aktuelle strekninga. Det blir i tillegg bestilt eit meir synleg skilt med åtvaring mot å gå ned på sida, og sett opp vegvisarpil som viser rett retning.
2. Tilrettelegging:  
Nasjonalparkstyret viser til føringar om at tilrettelegging for bruk ikkje skal gå ut over verneverdiene, og til vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-10 som tilseier at ein ikkje bør leggje til rette for å leie fleire folk inn i eit område med førekomst av rovfugl som er svært sårbar overfor forstyrring på våren og forsommaren.  
Merking av ei rute vil erfaringsmessig trekke til seg fleire som går på impuls. Desse vil heller ikkje ha skaffa seg førehandsinformasjon om turen via nettet eller andre informasjonskanalar, slik at potensialet for å få fleire uerfarne fjellvandrarar opp i ulendt og farleg terrenget snarare vil auke enn å minke om ein vel denne løysinga
3. Nasjonalparkstyret finn det svært uheldig at det i eit møte med Kommunal- og moderniseringsdepartementet blir gjeve feil framstilling av situasjonen ved Knutshø. Her har det tydelegvis vorte hevda at forvaltningsplanen hindrar sikker merking. Dette stemmer ikkje, da det også i dag er sett opp vardar og skilt som tydeleg viser vegen på utsette punkt/strekningar der nokon kan tenkast å gå feil eller prøve seg på snarvegar ned. Det er utidig å bruke sikkerheit som argument når motivet eigentleg er tilrettelegging for meir ferdsel inn i eit sårbart naturområde med raudlisteart som har krav på vern i medhald av naturmangfaldlova.

Nasjonalparkstyret vil gjerne invitere KMD til eit møte for orientering om den vedtekne besøksstrategien for Jotunheimen, slik at departementet får eit heilskapleg bilete av vårt arbeid med bruk og vern.

## Saksopplysningar

### Saksdokument

1. Brev av 06.07.15 frå Norsk Luftambulanse v/ Tom Hanssen, oversendt ved e-post av 10.07.15 frå DNT Oslo og Omegn v/ Jam Erik Reiten
2. Brev av 15.07.15 frå nasjonalparkforvaltninga til Norsk Luftambulanse
3. e-post av 24.07.15 frå Norsk Luftambulanse v/ Tom Hanssen
4. e-post av 10.08.15 frå Nasjonalparkforvaltar - Svar på e-post av 24.07.15
5. Brev av 24.08.15 frå Beitostølen Utvikling B.A. v/ Styreleder Jon E. Heesch til Oppland fylkeskommune, vidaresendt 27.08.15 frå styremedlem Jørand Ødegård Lunde i Nasjonalparkstyret.
6. Tilbakemelding av 27.08.15 frå nasjonalparkforvaltar til Jørand Ødegård Lunde
7. Innspel av 22.09.15 frå Valdres Destinasjon AS v/ Julia Helgesen

Basesjef Tom Hanssen ved Norsk Luftambulanses base på Dombås har i brev av 06.07.15 til DNT uttrykt bekymring for moglege ulykker på Knutshø. Brevet er vidaresendt frå DNT til nasjonalparkforvaltninga ved e-post 10.07.15, og DNT meiner det er vanskeleg å styre ferdselet og at noko bør gjera for å unngå eller redusere talet på alvorlege hendingar på Knutshø. Dei skriv mellom anna følgjande:

*«Turen over Knutshø er etter hvert godt kjent og har vært mye brukt i mange år. Vi mener at det må vurderes om det gir en vesentlig ulykke for vernehensynene å merke ruta bedre. Om dette er vanlig DNT merking, bedre informasjon (før og underveis), bedre merking opp på ryggen eller andre tiltak kan naturligvis vurderes. Erfaring fra tidligere år tilsier i alle fall at det sannsynligvis vil skje alvorlige uhell på Knutshø om en ikke foretar seg noe. Vi deltar gjerne i vurderingene rundt dette og DNT Oslo og Omegn kan tilby å merke og skilte ruta på vanlig måte i løpet av relativt kort tid hvis det er aktuelt.»*

Det var ein redningsaksjon på Knutshø tidleg på sommaren, men ut over dette kjenner ein ikkje til fleire hendingar i år. Det er teke kontakt med luftambulansen for å få meir spesifisert informasjon om omfang og lokalisering av redningsaksjonane, men på vårt forslag om eit møte for kartlegging av problematikken har Norsk Luftambulanse v/ Hansson vist til at dei ikkje ser behov for å involvere seg. Vi har ved e-post 10.08.15 likevel bedt om møte for å få oversikt på tal redningsaksjonar, og etter oppfølgande telefonkontakt vart det lova tilsendt ein oversikt på oppdrag ved Knutshø. I telefonsamtalen er det stadfesta at aksjonane er knytt til ein utsett plass vest for toppen, der folk prøve å gå ned på sida av ryggen.

I etterkant av ein avisartikkel om Knutshø i avis Valdres i juli har det også kome andre innspel om merking over Knutshø og betre parkeringsforhold ved Fv. 51. Beitostølen Utvikling har i brev av 24.08.15 til Oppland fylkeskommune sett fram ønske om merking, og skriv m.a.:  
*«Turen over Knutshø er populær og beskrives i flere turpublikasjoner/turbrosjyrer som turforslag i Jotunheimen. Det er således et viktig "produkt" for reiselivsnæringen. Svært få tiltak skal til for å unngå tragiske ulykker og redningsaksjoner i fremtiden. Bedre merking/skilting vil neppe føre til økt trafikk over Knutshø fordi parkeringsmulighetene i Vargbakken er begrenset og parkering langs riksvei 51 er ikke egnet. Om nødvendig kan deler av veien ved Vargbakken skiltes med parkering forbudt.»*

*I dag er det skiltet "Er du erfaren nok" på 2 steder. Dette bidrar neppe til mindre trafikk, men er et godt tiltak som informerer om vanskelighetsgraden over Knutshø. Videre er det et retningskilt på toppen som viser riktig retning ved starten av nedstigningen mot Øvre Leirungen. Enkelte steder er det også noen varder som viser riktig vei. Disse tiltakene er etter vår mening å oppfatte som merking og tilrettelegging for turen over. Hvorfor ikke utbedre dette uten at det nødvendiggjør en rødmerket DNT rute?*

*Vi foreslår at følgende tiltak gjennomføres:*

- På de bratteste stedene, i starten og siste del mot toppen, sikres ved å settes opp noen meter med kjetting som boltes i fjell.*
- Steder hvor det er farlig å gå feil merkes tydelig med retningskilt/varder*
- Malte retningspiler på utsatte steder*

Beitostølen Utvikling har ikkje nasjonalparkforvaltninga på adresselista, sjølv om delar av forslaget gjeld tilrettelegging innan nasjonalparken. Brevet er vidaresendt av Oppland fylkeskommunes representant i nasjonalparkstyret.

Vidare kjem det ein e-post 02.10.15 frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet til Ola Hegge i Miljøvernnavdelinga med følgjande ordlyd:

«Tirsdag 29.9.2015 hadde Kommunal- og moderniseringsdepartementet første dialogmøte i forbindelse med ny stortingsmelding om bærekraftige byer og sterke distrikter. På møtet deltok en rekke aktører i fjellregionen, blant annet fylkesmannen og miljøvernssjefen i Oppland.

I et av innleggene ble det nevnt som en problemstilling at forvaltningsplanen for nasjonalparken er til hinder for sikker merking til Knutshø. Vi er bedt om å undersøke bakgrunnen for denne saken. Jeg seg av vedlagte brev at saken ikke er ny. Siden du har vært saksbehandler tidligere, retter jeg henvendelsen direkte til deg. Fint om vi raskt kan få svar på hva status er i saken nå i dag og bakgrunnen for de beslutninger som er tatt.»

E-posten vart vidaresendt til Harald Klæbo, som sende orientering om status. Svarbrev av 15.07.15 frå nasjonalparkforvaltninga til Norsk Luftambulanse, som m.a. gjer greie for utført sikringsmerking på utsett punkt, vart her lagt ved som utfyllande informasjon.

## **Vurdering**

Saka blir vurdert med utgangspunkt i:

- Verneforskrift av 14.11.14
- Forvaltningsplan, Utkast/tiltråding etter høyring 2008.

### **Verneforskrift**

Det er eit generelt forbod mot inngrep i nasjonalparken.

Forvaltningsstyremakta kan i medhald av forskrifta § 3 pkt. 1.3 e) gi løyve til:

«Oppsetting av skilt, vegvisarpilar, merking av nye stiar og kvisting av nye løyper.»

### **Forvaltningsplan**

Forvaltningsplanen har følgjande *Retningslinjer* for merking av stigar:

«*Tilrettelegging for ferdsel skal ta strenge omsyn til naturverdiane. - - -*

*- - - Det skal takast omsyn til fauna og flora ved merking av stiar.*»

I forvaltningsplanen blir det også vist til «at enkelte område bør vere urørt slik at rutevalet blir overlate til fjellvandrarane sin eigen bruk av kart og fantasi.»

Forvaltningsplanen deler verneområda inn i ulike soner i høve til bruk og vern.

Knutshø ligg i teig 1, Teig 1: Øvre Leirungsdal-området og her gjeld følgjande *Retningslinjer*:

*«Inga ny tilrettelegging eller nye inngrep. Stien gjennom Leirungsdalen skal ikkje vere merkt. Marknadsføring av ruta over Knutshø må tilpassast vanskegrad og sårbarheit i området. Ruta vil ikkje bli merkt, men det er gjort enkle tiltak for å hjelpe folk så dei ikkje går feil. Omfangset av ferdsel i høve til fauna og slitasje må følgjast nøyne.»*

Området har sårbare artar som krev at det blir vist omsyn, særleg på våren/forsommaren: «*Knutshø har lenge vore eit mykje besøkt turmål, og det går ein umerkt sti over fjellryggen og tilbake langs øvre Leirungen. Nyare kunnskap om området viser at det er sårbare artar i og ved Knutshø. Med bakgrunn i dette og i høve til våmarksområda i Øvre Leirungsdalen er vernesona utvida slik at heile Knutshø er med. Det vil ikkje bli lagt opp til meir tilrettelegging/merking av ruta over Knutshø. Turen er krevjande med nokre utsatte punkt, og det har vore fleire redningsaksjonar i området. Tiltak for å ivareta tryggleiken er difor gjort med m.a. vegvisarpil på kritisk stad. Informasjon om denne fotturen må få klart fram at den krev meir erfaring enn vanlege T-merkte ruter. Området er spesielt sårbart første halvdel av sommaren.*»

Når det gjeld innretningar for kunne ta seg fram forbi naturlege hindringar står følgjande i forslag til forvaltningsplan: «*Som hovudregel skal sikringstiltak for å lette ferdsla eller gjere ferdsla tryggare ikkje vere nokon praksis i verneområda, fordi dei utgjer varige inngrep, og fordi retten til fri ferdsel i utmark kviler på at ferdsla skjer på eiga ansvar.*»

Innspela om merking gjeld eigentleg to ulike spørsmål:

- A) Sikring – jf. innspel frå Norsk Luftambulanse
- B) Tilrettelegging for ferdsel – innspel frå DNT, Beitostølen Utvikling, m.fl.

Merking blir foreslått som løysing for begge formåla.


Det er ein føresetnad at tilrettelegginga og bruken ikkje går ut over verneformålet. Merking i seg sjølv verkar ikkje inn på verneverdiane, men gjev litt ekstra spor i landskapet. Ein kan forsvare merking på særleg utsett strekning for å førebygge ulykker som følgje av at folk går av stigen og ned på sida, da ein uansett vil ha ein del som brukar Knutshø som turmål sjølv om ruta ikkje er merka.

Det vil derimot vera vanskeleg å forsvare tilrettelegging som medverkar til å få fleire folk til området. Merking og fysisk tilrettelegging vil bidra til meir ferdsel, jf. erfaringar med merking elles i Jotunheimen og andre turområde. Parkeringa på Vargebakkane er heller ikkje dimensjonert for stor trafikk, da tilrettelegginga der i regi av Nasjonale Turistveger i første rekkje er tenkt som eit stopp- og utkikkspunkt mot fjellheimen, og der ein samstundes fekk reparert eit stygt sår i landskapet. Som følgje av sterkt marknadsføring ser ein i dag stadig aukande problem med parkering langs vegen og dels ut i vegbanen på Fv 51 på store utfartsdagar. Dette skapar trafikkfarlege situasjonar på ei strekning med høg fart (80-sone). Auka parkeringskapasitet her er ikkje i tråd med føringar frå nasjonalparkstyret, da forvaltninga ikkje har noka interesse av å auke trafikken inn i verneområdet på dette punktet og ikkje har sett det opp som ein hovudinnfallsport i besøksstrategien. God besøksforvaltning er å styre trafikken til område som toler auka trafikk, og der det kan gje grunnlag for verdiskaping. Her er det naturleg å peike på den store satsinga som skjer i regi av Turistvegprosjektet til Statens Vegvesen, med etablering av eit ikonpunkt ved Gjende i samarbeid med Vågå kommune og andre aktuelle aktørar. Dette er hovudinnfallsporten til Jotunheimen frå dette området. Med den planlagde brua over Gjendeosen vil ein også få tilgang til området rundt Knutshø, og det bør vera ein fordel å samle inngrep i form av parkeringsplassar der ein allereie har ei slik satsing, framfor å lage nye store sår i det opne landskapet rundt Vargebakkane. Tilrettelegginga ved Gjende vil også ha

informasjonspunkt og tilgang på tenester som besøkande vil ha behov for (toalett, servering, trafikkdirigering på travle dagar, m.m.) .

### Sikringstiltak

Nasjonalparkforvaltninga har allereie gjort tiltak for å hindre at folk går ut på kanten, ved enkel varding og markering av punkt der det er sjanse for å gå feil oppå ryggen. Det er også tydeleg skilting i starten av turen om at det er noko krevjande terren og at det er viktig å følgje ryggen heile vegen – jf. vedlegg som viser informasjonsskiltet som møter dei som går frå parkeringa på Vargebakkane. Det kan sjå ut som om enkelte av dei som går seg fast nede i fjellsida let seg freiste til å prøve ein snarveg ned, framfor å gå heile ryggen ned mot Gjende og nordenden av Øvre Leirungen. Dette er eit større problem enn at folk tek direkte feil av vegen, sjølv om det kan gå an å gå feil om ein går under därlege værforhold med därleg sikt. Ein kan aldri heilt hindre folk i å prøve «snarvegar» ned på sida, men det er mogleg at merkinga på utsette punkt bør gjerast enda tydelegare, ved å markere stigen med raudt på ei avgrensa strekning vist med pil på kart (avgrensing av start og stopp på merkinga blir gjort i felt).



### Tilrettelegging for auka tilgjenge

Beitostølen Utvikling foreslår tilrettelegging i form av fastbolta kjettingar i starten og opp mot toppen. Eit anna forslag går på trinn i starten av ruta for å hjelpe folk opp til første knausen på austsida av høa. Dette er ikkje ein plass som er utsett for ulykker eller redningsaksjonar, men enkelte kan streve litt med eit bratt parti på nokre få meter i starten. Dersom ein ikkje kan forsera denne kneika utan hjelpemiddel, kan det vera eit signal om at turen til topps også kan vera litt for krevjande. Det kan kanskje vera ein fordel at folk må vurdere om dei meistrar denne kneika før dei tek seg vidare opp til toppen og meir utsette parti av ruta. Det blir vurdert som eit svært därleg sikringstiltak å montere tekniske innretningar for at enda fleire uerfarne vandrarar kan koma seg opp på høa.

Ut ifrå omsynet til sårbare artar, kan ein ikkje tilrå tiltak som aukar tilgjenget til området, jf. krav om at tilrettelegging i verneområde ikkje skal gå ut over verneverdiane.

Kunnskap om artsmangfold (Nmf § 8) dokumenterer sårbare verneverdiar i området.

Tilrettelegging for auka ferdsel mot eit område der ein har registrert raudlisteart som er sårbar overfor forstyrringar på våren og forsommaren, vil vera i strid med føre-var-prinsippet og omsyn til økosystem og samla belastning slik det er omtala i §§ 9 og 10 i

naturmangfaldlova. Det er på grunnlag av dette uheldig å opne for tekniske installasjonar som legg til rette for at folk kan ta seg fram til område som frå naturen si side er noko skjerma mot utstrakt ferdsel. §§ 11 og 12 om ansvar for kostnader ved miljøforringing og miljøforsvarlege teknikkar/driftsmetodar vert ikkje vurdert som relevante for denne saka, da ein ikkje kan tilrå utstrakt tilrettelegging, men berre opne for sterkare markering av sikringstiltaka der ein ser særleg behov.

Turen over Knutshø blir til trass for manglande merking marknadsført for fullt, og det er kanskje denne marknadsføringa som i størst grad skaper risiko for ulykker. I møte med fagleg rådgjevande utval den 16. september vart det også påpeika at det er mange oppslag på sosiale media som ikkje alltid er like nøkterne når det gjeld vanskegrad og behov for å ta ansvar for eiga sikkerheit i fjellet.

Det er elles svært mange merka turar i Jotunheimen, så friluftslivsinteressene har generelt svært gode vilkår både i og utanfor nasjonalparken. Seinast i sommar vart ny merka sti opp til Rasletind frå Valdresflya opna. Det er også grupper innan friluftslivet som ønskjer område med minst mogleg tilrettelegging, og i ein nasjonalpark som Jotunheimen er det viktig å også ha område utan preg av masseturisme, slik ein har t.d. rundt Gjende. Frå nasjonalparkforvaltninga si side er det ønskjeleg at det kan visast større respekt for verneverdiane i området ved å dempe marknadsføringa der omsynet til sårbare artar tilseier det, framfor å krevje tilrettelegging over alt.

Det verkar noko underleg at det på departementsnivå blir teke opp detaljspørsmål knytt til merking av eitt enkelt område. Det synest vera behov for informasjon om den samla besøksforvaltninga, som legg vekt på å styre trafikken til område utan konflikt med verneverdiar og der det er grunnlag for auka verdiskaping.

### **Konklusjon:**

Ein tek innspelet frå Norsk Luftambulanse på alvor, og får forsterka merking på ei avgrensa strekning på det mest utsette partiet vest for toppen, der enkelte rotar seg ned i fjellsida mot Øvre Leirungsdalen og ikkje klarer å ta seg ned på eiga hand.

Ein kan ikkje sjå at forslaget til DNT om merking av heile turruta vil løyse problemet med ulykker, da ei merka løype erfaringmessig vil trekke til seg fleire folk som går på impuls. Desse vil heller ikkje ha skaffa seg førehandsinformasjon om turen via nettet, slik at potensialet for å få fleire uerfarne fjellvandrarar opp i ulendt terren snarare vil auke enn å minke om vi går for denne løysinga. Merking vil også vera ei form for marknadsføring, og både sikkerheit og omsyn til verneverdiar tilseier at trafikken over Knutshø bør haldast på eit moderat nivå. Dette er kanskje også ei rute der ein med fordel kan velja guiding med kjentmann, framfor å drive ukritisk marknadsføring av Knutshø som ein anbefalt tur for alle. Dette vil også ha større potensiale for verdiskaping, og ein kan i nokon grad styre trafikken til mindre sårbarer periodar for hekkande rovfugl. Ein bør i det vidare arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen prøve å få ein god dialog med aktuelle aktørar om å finne gode løysingar både med tanke på verneverdiane i området og for folk som ønskjer å oppleve Knutshø under tryggare forhold enn å gå på eige hand.

Forslag frå Beitostølen Utvikling om tilretteleggingstiltak som kjettingar og liknande for å leie fleire opp på toppen vil snarare bidra til fleire redningsaksjonar.



# Knutshøe



## Turen over Knutshøe - er du erfaren nok?

### Turen:

- Turen tek 5-6 timer med retur på sti gjennom Leirungsdalen tilbake til Vargebakken.
- Stien er umerka, men følger ryggen. På grunn av svært bratt og farleg terreng er det ikke mogleg å ta snarvegar ned frå ryggen for raskare retur.
- Du må klive to bratte parti – ved starten på ryggen og ved toppen. NB! Her er det nokså "luftig".
- Totale stigning er 457 m høgdemeter.

### Utstyr:

- Godt fottøy/fjellstøvlar er heilt nødvendig på denne turen.
- Ta med varme, vind- og vasstette klede, lue og vottar. Hugs at veret skiftar fort i fjellet!

### Hugs:

Ta med mat og drikke (det er därleg med drikkevatn underveis). Ta med kart og kompass, og lær deg å bruke det!



## The trail over Knutshøe - are you really prepared?

### Trail:

- Generally hiking over the Knutshøe trail takes 5-6 hours returning to Vargebakken on the trail along Leirungsdalen.
- The trail is unmarked and follows a narrow ridge. Shortcuts are impossible due to very steep and dangerous terrain.
- Two sections of the trail requires gripping with your hands - at the start of the ridge and at the peak.
- Total ascent for this hike is 457 m – 1499 ft.

### Required

- Good hiking footwear, wind and raingear is required.
- Warm clothing, hat and gloves – remember weather can change quickly in the mountains!

### Remember:

Bring food and water. Remember to bring map and compass – don't go unless you know how to use them.



## Die Knutshøe-wanderung - haben Sie genügend Erfahrung?

### Strecke:

- Die normale Wanderzeit über den Knutshøe und entlang Leirungsdalen zum Vargebakken zurück, beträgt 5-6 Stunden.
- Der Pfad geht entlang des Berggründens und wegen des steilen Geländes ist es auf gar keinen Fall möglich eine Abkürzung vom Pfad zu machen. Die Strecke ist nicht markiert.
- A zwei Stellen ist Trittsicherheit erforderlich und es müssen die Hände zur Hilfe genommen werden.
- Die Gesamtsteigung ist 457 m.

### Kleidung:

- Gute Wanderschuhe, wind- und witterfeste Kleidung sind erforderlich.
- Da das Wetter im Gebirge schnell umschlagen kann, sind zusätzlich warme Kleidung, Mütze und Handschuhe ratsam.

### Hinweise:

Verpflegung und ausreichend Flüssigkeit sollten unbedingt mitgenommen werden. Karte und Kompass nicht vergessen!

Forvaltningsmyndighet for  
Jotunheimen nasjonalpark:  
Fylkesmannen i Oppland  
Tlf. 61 26 60 00

Nasjonalparkoppsyn:  
Statens naturoppsyn - Jotunheimen  
Vang i Valdres. Tlf. 959 65 158

Park Management  
Jotunheimen Nasjonalpark:  
County Governor of Oppland,  
Dept. Environmental Affairs  
Tel. 61 26 60 00

Park Surveillance  
Norwegian Nature Inspectorate  
(SNO). Tel. 959 65 158

Verwaltung für  
Jotunheimen Nationalpark:  
Regierungspräsident Oppland,  
Abteilung Umweltschutz  
Tel. 61 26 60 00

Nationalparkaufsicht:  
Die Norwegische Naturschutz (SNO)  
Tel. 959 65 158

Tekst: Karin H. Aasland  
Lag rett. 1. Bildene teknik: www.design

Arkivsaksnr: 2015/6131-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 05.10.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	57/2015	12.10.2015

## Utladalen landskapsvernområde - Helikopterlandning ved turisthytte

### Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret vurderer reaksjonsmønster i medhald av dei gjevne rammene i vedtektena pkt. 8.5.

### Saksopplysningar

#### Saksdokument:

1. Rapport av 03.07.15 om helikopterlandning oversendt frå SNO.

Gjennom samtale med besökande i verneområdet vart SNO gjort merksam på helikopterlandning ved turisthytte. Dette var ikkje varsla på førehand til SNO. Faktiske forhold kom fram etter samtale med hyttevert og helikopterpilot.

Helikopteret hadde returtransport i nærområdet og kontakta turisthytta om dei hadde behov for ferskvarer. Varer vart frakta saman med passasjerea som var med på turen. Pilot og passasjerar reiste vidare etter å ha spist middag på turisthytta.

#### Sitat frå rapporten:

«Denne landinga var ikkje varsla på førehand i trå med vilkåra i motorferdselløyvet DNT Oslo og Omegn har for transport til sine hytter i Jotunheimen og Utladalen, og den kan vel heller ikkje seiast å vere ein ordiner transport av varer og utstyr til turisthytta. (Aktørane)... er varsla om at denne helikopterlandinga vert rapportert til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen.»

Vedtektene for nasjonalparkstyret har følgjande ordlyd når det gjeld oppfølging av ulovlege forhold:

### **8.5 Brot på naturmangfoldlova/verneforskriftene**

*Styret har som forvalningsstyremsmakt eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på reglane i verneforskriftene som styret får kjennskap til, anten vert rapportert/meldt til politiet eller vert rapport til Direktoratet for naturforvaltning for eventuelle administrative sanksjoner, jf. naturmangfoldlova kap. VIII.*

### **Vurdering**

Rapporten frå SNO gjer greie for ei landing med helikopter i verneområde som ikkje er varsle i tråd med vilkår gjeve i løyve til motorferdsel «*Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - dispensasjon - motorferdsel - 2013-2015 - Tillatelse til motorferdsel ifm. drift og vedlikehold av turisthytter og kvisting av vinterruter - DNT Oslo og Omegn»*

I løyvet heiter det:

«*Generelle vilkår for all transport:*

- ....
- *DNT Oslo og Omegn, hyttestyrar og dei som utfører motorisert transport alltid skal søkje å redusere transportomfanget mest mogleg gjennom planlegging av transport og vareinnkjøp, samordning av transport osv.*
- *All motorferdsel utanom rutinemessig dagleg drift skal varslast oppsynet før avreise, både for å ha oversikt og for å hindre negativ påverknad på andre interesser.*
- ....»

DNT Oslo og Omegn er den største aktøren i verneområdet og har eit stort regelmessig transportbehov. Gode rutinar og felles forståing av at motorferdsel skal reduserast til eit minimum ligg til grunn for løyve. Saka blir lagt fram for styret for drøfting av reaksjon innan rammer sett i pkt. 8.5 i vedtektene for styret.

Arkivsaksnr: 2015/6113-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 05.10.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	58/2015	12.10.2015

## Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Registrering av nasjonalparkstyret som juridisk eining

### Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen finn det naturleg at styret sjølv har ansvar for tiltaksmidlar, midlar til forvaltningsplan og midlane som går til drift av styret.

Med heimel i pkt. 2 i reviderte vedtekter for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen opprettar nasjonalparkstyret eige organisasjonsnummer ved registrering i Brønnøysund-registeret. Nasjonalparkforvaltarane får i oppdrag å følgje opp saka i nært dialog med Miljødirektoratet

### Saksopplysningar

Saksdokument:

- Reviderte vedtekter for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen (vedlegg)
- Sak 17/2015 i nasjonalparkstyret
- E-post av 10.09.15 til nasjonalparkstyret, med orientering om vedtekter og moglegheiter

I medhald av nye vedtekter kan nasjonalparkstyret etablerast som eiga juridisk eining, da det nå er gjeve heimel for dette i andre avsnitt av pkt. 2 i dei reviderte vedtekten: «*Nasjonalparkstyret anses som en juridisk person med myndighet til å inngå avtaler og påta seg forpliktelser innenfor de økonomiske rammene styret disponerer.*»

Dette gjev rom for følgjande:

*«Det åpnes altså for at styrer med eget orgnr om ønskelig sjøl kan håndtere tiltaksmidler/midler til forvaltningsplaner etc. Dette gjelder også midlene som går til drift av styrene (møtekompensasjon etc).»* (utdrag av eit svar frå Miljødirektoratet på eit spørsmål om kva konsekvensar dei endra vedtekten vil få i praksis)

Dei nye vedtekten vart sendt til førebels orientering til styret ved e-post av 10.09.15.

## Vurdering

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen kan med registrering i Brønnøysund-registeret få eige organisasjonsnummer. Det er opp til styret om dei ønsker å bruke denne moglegheita aktivt, men det synest å vera i tråd med styret sitt vedtak i sak 17/2015 (telefonmøtet 9. mars), der det i vedtak om uttale til høyringssak om revidering av vedtekter for nasjonalpark- / verneområdestyrene m.a. vart uttrykt følgjande:

*«Det er positivt at vedtekten nå klargjer status for verneområdestyra, slik at styret vert definert som «en juridisk person med myndighet til å inngå avtaler og påta seg forpliktelser innenfor de økonomiske rammene styret disponerer.»*

*-----  
Nasjonalparkstyret oppmodar om at ordninga med bestillingsdialog blir gjennomgått og vurdert på nytt, sett i lys av at det nå er politisk oppnemnde styre som har forvaltningsansvaret for verneområda. Tiltaksmidlar bør budsjetterast direkte til styra.  
-----»*

Det er enda ikkje detaljert klargjort korleis ordninga skal fungere i praksis, men ein må forvente at styret skal kunne disponere midlar til fleirårige prosjekt på ein meir smidig måte enn dagens ordning. Det oppstår i dag ofte tidspress ved at midlar må nyttast same år som dei er løvvde, medan fysisk tilrettelegging ofte krev synfaring på berrmark og detaljplanlegging før tiltaket kan gjennomførast. I høgfjellet er det korte sesongar for anleggsarbeid, slik at ein på større tiltak bør ha rom for eit toårig løp med synfaring, planlegging og utlysing første året, og gjennomføring i felt komande sesong.

Det vil også vera viktig at nasjonalparkstyra får føreseielege rammer for verksemda, slik at ein kan ta ansvar for enkel infrastruktur ved innfallsportane som naturleg høyrer inn under nasjonalparkforvaltninga. Dette omfattar informasjon og andre tiltak for kanalisering av ferdsel inn mot verneområda, slik at ein kan møte dei besøkande med tilrettelegging av god kvalitet. Større infrastruktur som parkeringsplassar og toalett vil i dei fleste tilfelle verta løyst av andre aktørar knytt til reiselivet på den aktuelle plassen. For Jotunheimen er dei definerte innfallsportane stort sett i tilknyting til reiselivsbedrifter som har ein godt fungerande struktur for å ta imot gjester.

Eit unntak er ved nasjonalparkgrensa i Veodalen, der det for ein del år sidan vart oppført toalett/utedo som forvaltninga tok ansvar for. Dette skjedde før det vart oppretta nasjonalparkstyre, og det har ikkje vore budsjettert med driftsmidlar. Utgiftene er avgrensa, men det er likevel viktig at alle tilretteleggingstiltak også må følgjast opp med eit minimum av ressursar til drift og vedlikehald, slik at ein t.d. kan få reparert eller erstatta øydelagde skilt og andre innretningar. Dette gjeld uavhengig av om ein sorterer under økonomien til fylkesmannsembetet, eller om ein har nasjonalparkstyret som eiga eining.

Arkivsaksnr: 2015/6152-1

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.10.2015

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	59/2015	12.10.2015

## **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Medlemmer til Fagleg rådgivende utvalg 2016-2019**

### **Forvaltar si innstilling**

Med heimel i pkt. 9 i Vedtekter for nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjer Nasjonalparkstyret vedtak om følgjande samansettning av fagleg rådgivende utval:

- Representasjon fra Luster (2 medlemmar)
- Representasjon fra Lom (2 medlemmar)
- Representasjon fra Vang (2 medlemmar)
- Representasjon fra Vågå (2 medlemmar)
- Representasjon fra Årdal (2 medlemmar)
- DNT Oslo og Omegn (2 medlemmer)
- Forum for Natur og Friluftsliv i Oppland (2 medlemmer)
- Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane (2 medlemmer)
- Norsk Fjellmuseum (1 medlem)
- Utladalen Naturhus (1 medlem)
- Visit Sognefjord AS (1 medlem)
- Nasjonalparkriket Reiseliv (1 medlem)
- Jotunheimen Reiseliv (1 medlem)
- Valdres Destinasjon AS (1 medlem)
- Villreinnemnda for Sogn og Fjordane (1 medlem)

Det blir sendt brev til dei 5 kommunane om oppnemning av to representantar, der minst den eine også skal vera grunneigarrepresentant (medlem av fjellstyret eller sameige). Det vil vera naturleg av fjellstyra og sameiga sjølve peikar ut sin representant.

### Observatørar:

- Fjelloppsynet frå fjellstyra i Lom, Luster, Vågå, Årdal og Vang

- Administrativt kontaktutval med 1 representant frå kvar kommune og kvar fylkeskommune
- Ein representant frå kvar av miljøvernavdelingane i Oppland og Sogn og Fjordane.

## Saksopplysningar

I medhald av pkt 9 i Vedtekter for nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen skal det etablerast eit fagleg rådgjevande utval for nasjonalparkstyret:

### **9. RÅDGIVENDE UTVALG**

*Styret skal oppnevne et rådgivende utvalg. Utvalget skal bestå av representanter for de ulike interessene i området, som bl.a. grunneiere, andre særlig berørte offentlige organer som for eksempel friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjoner, bl.a. natur- og miljøorganisasjoner og lignende. Nasjonalparkstyret bør ha minst ett årlig dialogmøte med rådgivende utvalg.*

Nåverande utval har etter vedtak i sak 19/2011 hatt slik samansetnad:

---

#### **Opprettig av fagleg rådgivande utval for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde**

##### Vedtak:

Nasjonalparkstyret gjer vedtak om følgjande medlemmer i fagleg rådgivande utval:

Tilsynsutvalet i Luster (2 medlemmar)  
Tilsynsutvalet i Lom (2 medlemmar)  
Tilsynsutvalet i Vang (2 medlemmar)  
Tilsynsutvalet i Vågå (2 medlemmar)  
Tilsynsutvalet i Årdal (2 medlemmar)  
DNT Oslo og Omegn (2 medlemmer)  
Naturvernforbundet i Oppland  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
NJFF- Oppland  
NJFF- Sogn og Fjordane  
Norsk Fjellmuseum  
Utladalen Naturhus  
Reiselivsinteresser i Oppland  
Reiselivsinteresser i Sogn og Fjordane

---

Naturvernforbundet og NJFF har etter ønskje frå samanslutnaden Forum for Natur og Friluftsliv vore erstatta av to representantar frå kvar av FNF-samanslutnadene i oppland og Sogn og Fjordane.

Det har vore organisatoriske endringar i reiselivsnæringa undervegs, og kvar av destinasjonsselskapene har vore inviterte med ein representant kvar.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane har siste året også vore invitert til møtet, da det syntes å vera ei utegløyming at nemnda ikkje har vore med tidlegare.

SNO og fjelloppsynet har vore inviterte som observatørar til møta. Det same gjeld det administrative kontaktutvalet, da ein etter dialog med dei har kome fram til at det gjev meir utbytte med fellesmøte når ein ikkje har særskilde saker som krev ekstra medverknad frå administrativt kontaktutval.

## Vurdering

Ordninga med fagleg rådgjevande utval har vore ei vidareføring av ordninga med dei årlege fellesmøta for tilsynsutvala. Desse utvala var oppretta i kvar kommune i medhald av den gamle verneforskrifta frå 1980. Ved revisjon av verneforskrifta 14.11.14 vart ikkje ordninga med tilsynsutval vidareført, da det vart sett som meir tenleg å følgje same opplegg som for dei andre verneområda etter at det vart oppretta lokale styre for nasjonalparkane. Ordninga vert tilrådd vidareført etter same mal som før, men med justeringar i tråd med nye føresetnader.

I staden for det gamle opplegget med to medlemmer frå kvart av tilsynsutvala blir det foreslått at dei fem kommunane innan verneområda oppnemner i alt to representantar, men der den eine skal koma frå fjellstyret eller sameige. Det vil vera naturleg at fjellstyra sjølve først peikar ut sin representant, og at kommunen supplerer med den andre. Her bør det leggjast vekt på at begge kjønn blir representert frå kvar kommune, så langt det er mogleg.

Lokalt SNO er ein viktig aktør i møtet. Det er også nyttig å ha med fjelloppsyna med oppdrag innan verneområda, da dei si med mykje lokalkunnskap og nyttig informasjon.

Ein held fram med ordning med observatørar:

- Fjelloppsynet frå fjellstyra i Lom, Luster, Vågå, Årdal og Vang
- Administrativt kontaktutval med 1 representant frå kvar kommune og kvar fylkeskommune
- Ein representant frå kvar av miljøvernavdelingane i Oppland og Sogn og Fjordane.

Arkivsaksnr: 2015/1662-6

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 06.10.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	60/2015	12.10.2015

## **Revisjon av forvaltningsplan - Diskusjonssak i Nasjonalparkstyret**

### **Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret vert invitert til å koma med innspel til revisjonsarbeidet generelt og til å kommentere dei oppsette punkta som blir gjennomgått i møtet

### **Saksopplysningar**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har sendt ut oppstartmelding til adresseliste om revisjon av forvaltningsplanen for verneområdet. Utgangspunktet for arbeidet er utkastet til forvaltningsplan som var til grundig høyring i 2007 og vidaresendt til direktoratet i 2008. Retningslinjene i det dokumentet ligg til grunn for dagens forvaltning og er planlagt vidareført i hovudsak, men nytt dokument krev omarbeiding etter gjeldande malar og nokre tema og problemstillingar må endrast grunna ny forskrift og nye sentrale retningslinjer. Nokre tema krev også ny gjennomgang grunna endringar i samfunnet generelt og justering av praksis med ny forvaltningsmyndighet.

Det er gjennomført møte fagleg rådgjevande utval (16. september) kor nokre tema for forvaltningsplanarbeidet vart teke opp. Fagleg rådgjevande utval vil bli involvert fleire gonger i prosessen.

Det er også planlagt kommunevise møte nå i løpet av oktober. Tema, synspunkt og diskusjonar på desse møta vert lagt fram for styret etter kvart.

- Lom: 21. oktober
- Vågå: 22. oktober

- Vang: 26. oktober
- Luster: 28. oktober
- Årdal: 29. oktober

## Vurdering

Tema som det er starta opp arbeid med og som er planlagt diskutert på dette møtet er:

- Bommen i Koldedalen, oppdatering av vårt arbeid med saka
- Haldning til nye innretningar som el-sykkel og dronar
- Ny hytte på Fannaråken, synspunkt på standard og type tilrettelegging
- Oppsummering av innspela frå møtet i fagleg rådgjevande utval 16.09.15
- Organisert ferdsel, store grupper med overnatting i nasjonalparken
- Andre tema